

Tilråding frå levekårsutvalet om kvalitetsmelding 2024-2025 om grunnskulen i Øygarden
(saka går til endeleg behandling i kommunestyret)

1. Kommunestyret tek kvalitetsmelding 2024-25 for Grunnskulen i Øygarden kommune til orientering.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren prioritere følgjande innsatsområde i skuleåret 2025-26:

1.Fagleg utvikling

- Prioritere lesing og opparbeide lesekultur i alle fag.
- Vidareutvikling av skulebiblioteka.
- Følgje opp nasjonale prøver med konkrete tiltak på kvar skule.

2. Undervisningspraksis

- Halde fram fokus på ein meir praktisk skule.
- Auka elevmedverknad i læringsarbeidet for å auke motivasjon til skulearbeidet.
- Styrke klasseleiing og struktur på opplæringa gjennom satsinga på Trygt og godt.

3. Læringsmiljø

- Arbeide med eit trygt og inkluderande skulemiljø gjennom kompetansehevingsprogrammet i Trygt og godt opplæringsmiljø.
- Styrke skule-heim samarbeidet og arbeide systematisk med elevfråvær.
- Obligatorisk elevundersøking for 5. – 10. trinn. Følgje opp elevundersøkinga
- med konkrete tiltak på kvar skule.

4. Tidleg innsats og tverrfagleg samhandling

- Betre tverrfagleg samhandling – opprette BTI- team på alle skular.
- Bruke Førebyggjande plan i arbeidet med tidleg innsats.